

# ÅRSMELDING for LYE FORSAMLINGSSTYRE 2015



## Vedlegg til årsmeldinga:

- **TENESTEGRUPPER:**
  - Årsmelding for Kreativ gruppe/pyntegruppe
  - Årsmelding for Vedlikeholdsgruppa
  - Årsmelding for Lydgruppa
  - Årsmelding for Språkkafé
  - Årsmelding for Bønnegruppene
- **BARNE- OG UNGDOMSARBEID:**
  - Årsmelding for Fredagskvelden/ungdomsarbeidet
  - Årsmelding for Lye Blå Kors speidara
  - Årsmelding for Barnegospel
  - Årsmelding for JuniorKro
  - Årsmelding for Lye Søndagsskule
  - Årsmelding for Lykkeliten
  - Årsmelding for Agape

## **TENESTEGRUPPER:**

---

### **Årsmelding for Kreativ gruppe/pyntegruppe 2015**

Me har ei fellessamling ca ein gong i semesteret, kor med deler liv og tru, og planlegg kven som har ansvar for gudstenestene. Gruppa i 2015 har bestått av Lisa Gro Bryne, Else Paulsen, Lillian Hjørnevik og Brit Ege Aarsland. Me ynskjer å formidle Guds fred, Guds kjærleik og Guds skaparverk gjennom blomar, lys og dekor.

*Brit Ege Aarsland*

---

### **Årsmelding for Vedlikeholdsgruppa 2015**

Gruppa består av 10 menn som møtes til dugnad 1 mandag pr måned kl.17-20. Blant oppgavene i 2015 kan nevnes: stell av busker/trær, rydding ute/inne, ferdigstilt himling kjeller, arbeid med himling kontor ungdomsarbeider, maling tak sidesal, fuging vinduer underetasje, maling utvendige vinduer, utvendig vindusvask, hevet belegningsstein ved hovedinngang, montert hyller bakgang.

*Trond Heskestad*

---

## **Årsmelding for Lydgruppa 2015**

Lydgruppa består av Sæbjørn Sandmark, Ole Hauge, Tom Carlos Slettebø og Asbjørn Aarsland. Gruppa har styrt lyd på sundagssamlingar, basar, 17. mai, Vi syng jula inn, julespelet, og andre møter som er blitt forespurt gruppa.

Tom Carlos styrer stort sett lyd på fredagskveldane og øving med ungdomane. Anlegget vart og leiga ut til juleballet i desember, dette tok Tom Carlos seg av.

Lydgruppa avslutta dette året med samling hjå Vegard og Ragnhild Hansen med skikkelig god ribbe og tilbehør for å setja pris på dei som deltok med teknikk på julespelet. Tusen takk Vegard og Ragnhild for god mat og godt tiltak.

Det har og vore utrulig ryddig i bakrommet dette året, det synest eg at Tom Carlos og ungdomane skal ha skryt for.

*Asbjørn Aarsland*

---

## **Årsmelding for Språkkafé 2015**

Målet med språkkafeen er å vise vår nestekjærighet på en konkret måte. Vi vil gi rom for å skape gode relasjoner mellom nye landsmenn og nordmenn, og bidra til integrering i det norske samfunnet.

Vi har hatt 3 samlinger med gjennomsnittlig 24 norske og 21 utenlandske. Samlingene er én gang i måneden med en mulighet for å utvides til 2 ganger i måneden senere i prosessen.

Det har blitt satt ned et språkkafestyre med 7 medlemmer fra forsamlingshuset. Dette er Ragnhild og Knut Aalgaard, Øystein Dahlstrøm, Margunn og Geir Tore Salmelid, Kari Stokka Stokka og Esperanza Idland.

*Esperanza Idland*

---

## **Årsmelding for Bønnegruppene 2015**

"Det er godt å være stille for Herren, og vente på Ham...."

Derfor er det bønnegrupper på Lye. Vi samles i hjemmene, den ene gruppa, som har 7 medlemmer, ukentlig, og den andre gruppa, som har 5 medlemmer, annenhver uke. Nye medlemmer er hjertelig velkomne.

Tidlig på nyåret, og om høsten har vi felles samling, der vi bl.a. planlegger bønnemøtene før hver gudstjeneste. Disse bønnemøtene starter kl 09.55 og er åpne for alle.

Dette året har vi også etter noen gudstjenester, hatt forbønn, der mennesker inviteres til å komme hvis de ønsker å bli bedt for. Planen er at dette skal skje etter hver gudstjeneste f.o.m 2016.

*Vigdis Frøyland*

---

## **BARNE- OG UNGDOMSARBEID:**

---

### **Årsmelding for Fredagskvelden 2015**

På våren har oppmøtet ligget rundt 25-30 på møtekvelder og i overkant av halvparten på åpent hus. De samme tallene har i stor grad gått igjen også på høsten. Betalende medlemmer er 24stk.

Styret har hatt litt utskiftninger i 2015 og består nå av Anne Grete Apeland, Geir Atle Apeland, Tom Carlos Slettebø, Ida Terese Ueland og Amalie Stokka. Både Tom Carlos og Anne Grete har sagt at de gir seg til sommeren og vi vil derfor bruke våren på å forsøke å fylle opp tomrommet.

Høsten 2015 overtok Anders Høgsås som ungdomsarbeider ved Lye forsamlingshus i en stilling på 50 % etter Helge Ask.

#### **Året som gikk.**

Det har vært et spennende år. Det går imot et generasjonsskifte til sommeren og en del av høsten har gått med til å forberede dette. Vi har foreløpig et fullt fungerende lovsangsteam, men vil også her merke generasjonsskiftet.

Å starte kl 22.00 har alltid vært et problem, og en av de tingene styret lenge har vært enige om at det må gjøres noe med. Etter mye frem og tilbake med KRIK er vi endelig landet på en løsning som på papiret skal fungere for begge parter. Åpent hus åpner fremdeles kl 22. mens møtene starter 21.00 i stedet for 22.00. Dette vil forhåpentligvis gjøre det lettere for foreldre å sende barna sine av sted og åpne muligheter for flere til å bli igjen også etter møtet. Verdt å merke seg er at vi håper i fremtiden håper å kunne flytte møtet så vi kan starte enda tidligere.

#### **Arrangementer:**

- Etter skole tid, eller «itte skuletid» har vært et fast innsalg hver torsdag. Her har det i stor grad vært de samme 6-8 som går igjen. Dette har vært et bra og mer uformelt tilbud for å samle ungdommen på en mer hverdagslig måte på forsamlingshuset. De fleste drar direkte fra etter skoletid videre til bibelgruppe.
- Ski-weekend 2015. Skiweekenden var på Stavtjørn og det var fullt hus. Det var andakt, ord for dagen og ellers bra stemning.
- Styreweekend 11-13 september. Dette var også på Stavtjørn og her var vi 13 stk. Her var det representanter fra FK-styret, jr.kro-styret, søndagsskole-styret, krik-styret og lovsangsteamet. Det ble arrangert team-building, brett og – kortspill, andakter, ord for dagen og ellers generell underholdning og kos.

- Dekkskifte. Vi arrangerte Dekkskift på våren hvor det kom 2 biler, og på høsten hvor det kom 5-6 biler og vi anser det som en suksess vi kommer til å fortsette med.
- UanZ 22 – 23 november. UanZ-konferansen er en konferanse for ungdom som holdes på klepp. 12 ungdommer dro bort fra Lye. Det var et utrolig bra opplegg og de som dro bort fikk mye ut av det, både åndelig og sosialt.
- Nyttårsfeiring. I år feiret vi nyttår i samarbeid med Fotland, på Fotland. Det var suksess med masse god mat, underholdning, taler og en andakt. Det ble løst avtalt et fortsettende samarbeid med Fotland hvor vi feirer på Lye neste år.
- Bibelgrupper. Vi driver 2 bibelgrupper. 1 for videregående skole og en for ungdomsskolen. Svein Kåre Harestad leder de eldste og Jorunn Pettersen leder den andre i samarbeid med Anders Høgsås. Det har vært jevnt over bra oppmøte på begge gruppene.

### **Ungdomsarbeiders tanker om året.**

Det er en veldig trivelig ungdomsgjeng, både når det gjelder ledere og deltakere. Naturlig nok er det litt varierende grad av engasjement, men vært over legger ungdommen ned mye tid og energi. Som så vidt nevnt så går det mot et generasjonsskifte og det er hyggelig å se at noen av de yngre er såpass villige til å engasjere seg. Jeg har fått enkelte tilbakemeldinger på at det kanskje ikke er nok åndelig fokus alltid. Det kommer flere når det er møte enn åpent hus, så det er tydelig at det er et behov som kan fylles. Det vil vi i styret jobbe med å forbedre i tiden som kommer.

Det har vært et spennende og lærerikt halvår for meg så langt og jeg ser frem til å fortsette i jobben.

### **Takk.**

Takk til alle som bidrar på Fredagskvelden med ulikt. Takk til ungdommene som står på, spesielt styret. Takk til dere foreldre som hjelper til, takk til Gunnar og Sigurd som leder menigheten, takk til forsamlingsstyret, takk til husstyret og takk til alle andre som gjør det mulig å holde ungdomsarbeidet i gang!

*Anders Høgsås, Ungdomsarbeider*

# Årsmelding for Lye Blå Kors speidrarar 2015

## Styret og leiarar:

Styret i Lye Blå Kors speidrarar har i 2015 bestått av:

- Leiar: Trygve Netland
- Sekretær: Sigurd Idland
- Kasserar: Maria Netland
- Styremedlem: Per Magne Lende
- Styremedlem: Gunnar Undheim

I tillegg har desse vore med som leiararar:

- Janne Stensland
- Morten Sørlie
- Frank Bjørkhaug
- Asmund Berge
- Sondre Harestad

Årsmøte blei halde 23. mars.

## Våren 2015:

På våren fortsette me med 2 grupper som på hausten, beverar (2. klasse) og småspeidrarar (3.-4. klasse). Beverkolonien hadde 16 medlemmer og 7 gruppemøter, medan småspeidarflokkene hadde rundt 18 medlemmer og 7 gruppemøter.

Gruppe	Fødde	Medlem	Gruppemøter	Overnattingsturar
Beverar	2007	16	7	1
Småspeidrarar	2005-2006	Ca 18	7	2

Den eine overnattingsturen var felles for alle gruppene.

## Hausten 2015:

På hausten starta tolv nye 2. klassingar i ein ny beverkoloni. Dei hadde sju gruppemøter og ein overnattingstur til Horve 2.

Elles delte med inn i Småspeidrarar 1, Småspeidrarar 2 og Stifinnarar. Her er oversikt over semesteret:

Gruppe	Fødde	Medlem	Gruppemøter	Overnattingsturar
Beverar	2008	12	7	1
Småspeidrarar 1	2007	14	7	1
Småspeidrarar 2	2006	11	7	2
Stifinnarar	2005	4		

### **Speidarskogen:**

I Speidarskogen har me fått rydda teltplass, møteplass og sti, og me har fått sett opp grillhytte. Me hadde to felles dagnadsdagar på våren, og elles har særleg Per Magne Lende lagt ned utrulig mange dagnadstimar for å få sett opp grillhytta. Andre som har gjort mykje er Sigve Stensland, Trygve Netland, Maria Netland og Asmund Berge. Mange takk til desse, og takk til alle dei andre som hjelpte til!

### **Korpsting:**

11. -13. september var me vertar for korpstinget for alle Blå Kors speidaranar i Norge. Me hadde gjester frå ulike deler av landet, og teltplassen i Speidarskogen vart då tatt i bruk. Dette var ei kjekk helg, og det var triveleg å knyta kontakt med dei andre speidargruppene i Blå Kors Speidarane.

#### ***Styret for Lye Blå Kors speidaranar:***

*Trygve Netland, hovudleiar*

*Maria Netland, kasserar*

*Sigurd Idland, sekretær*

*Per Magne Lende, styremedlem*

*Gunnar Undheim, styremedlem*



---

### **Årsmelding for Lye Barneospel**

Barneospel er eit kor for ungar frå 5 år og oppover. Vi har dette året vore ca 20 ungar på øvingane våre. På hausten var vi nokre gonger oppe i 30 ungar og det var kjempekjekt. Dirigent er Ragnhild Hansen med Morten Slettebø som alt-mulig-mann.

I løpet av vårsemesteret song me på forsamlingshuset og i Time kyrkja. Vi var og med på eit påskespel på forsamlingshuset på Lye.

På hausten song med nokre gonger, deriblant på gudsteneste og basar på Lye forsamlingshus. Resten av tida brukte me til øving til julespelet.

Vi hadde 3 førestillingar i aulaen på Lye skule i desember. Ungane var skikkelig flinke og me trur det var ei god oppleveling for dei.

Vi har det veldig kjekt både store og små i koret og vonar at endå fleire vil koma til i 2016.

*Ragnhild Hansen og Morten Slettebø*

## Årsmelding for JuniorKro 2015

JuniorKro er eit tilbod for born i 5., 6. og 7. klasse, som samlast annankvar fredag. Innhaldet i kveldane er andakt, song, spel, konkurransar, kiosk og ulike aktivitetar.

### Leiarar:

Hovudleiar har i 2015 vore Sigurd Idland. Sæbjørn Sandsmark og Sigbjørn Sandsmark er medleiarar.

Ungdomsstyret består av:

- Thorvald Sandsmark (fram til sommaren 2015)
- Julie S. Fotland (fram til sommaren 2015)
- Geir Atle Apeland
- Ida Terese Ueland
- Tobias Vassbø (frå hausten 2015)
- Aina Skrettingland (frå hausten 2015)



## Jr.Kro våren 2015

Datoar:	Program:
16. januar	AVLYST
30. januar	AVLYST
27. februar	Opent hus
13. mars	Bowling
27. mars	Opent hus
10. april	Aktivitetsgrupper
24. april	Kongeparkkveld
8. mai	Sommaravslutning

### Oppmøte:

Det var planlagt 8 samlingar på våren, men 2 av desse blei avlyst pga sjukdom. På hausten var det 6 samlingar. Nedanfor er statistikk for dei siste åra:

	Samlingar	Oppmøte			Ulike pers.	Totalt	Betalande medlem
		Minst	Størst	Snitt			
<b>Hausten 2013</b>	6	7	21	12	27	72	17
<b>Våren 2014</b>	8	6	14	9,1	19	73	
<b>Hausten 2014</b>	7	6	24	16,6	45	116	23
<b>Våren 2015</b>	6	7	20	13,2	27	79	
<b>Hausten 2015</b>	6	5	17	10,5	23	63	13



## Jr.Kro hausten 2015

### Program:

Samlingane har hatt ulikt program, sjå semesterplanane til høgre. Styret bidrar med gode og konstruktive idear, og er og ansvarleg for gjennomføringa av aktivitetar og vitnesbyrd. Styret har regelmessige styremøter saman med Sigurd Idland. Det ligg god leiartrening i dette!

Sigurd Idland har hatt dei fleste andaktane, og i tillegg har desse vore innom og hatt andakt: Anders Høgsås, Hans Egil Hansen. Fast møtesong har vore «To hender» og "Let the love flow".

Datoar:	Program:
28. august	Opningsfest ☺ m/grilling (ta m/grillmat/uteklede!)
25. september	Filmkveld
23. oktober	Leikar og konkurransar
6. november	Klatring
20. november	Aktivitetsgrupper
4. desember	Juleavslutning ☺

# Årsmelding 2015 for Lye Sundagsskule

## Innleiing

Lye Sundagsskule har som visjon:

«Vi ønskjer at barna på Lye skal bli betre

kjent med Jesus Kristus!»

Dette er målsetjingane våre:

- Barn i alle aldrar skal elsa å gå på sundagsskulen
- Barna på sundagsskulen skal bli glade i Jesus og i å følgja han
- Oppmøtet på sundagsskulen skal bli endå større
- Sundagsskulen skal rekruttera og følgja opp unge leiarar
- Lyefjell sundagsskule skal vera blant Norges beste sundagsskular!!



## Statistikk

Nedanfor kan ein sjå utviklinga over oppmøtet for dei tre siste åra:

	Samlingar	Totalt oppmøte	Gjennomsnittlig oppmøte	Betalande medlemmer
<b>2013</b>	19	709	37,3	60
<b>2014</b>	18	672	37,3	56
<b>2015</b>	19	634	33,4	56

Sundagsskulesamlingane har dei siste tre åra hatt noko ulikt preg:

	Vanlig sundagsskule	BIBELSPRELL- sundagsskule	Film / forenkla sundagsskule	Gudsteneste for store og små
<b>2013</b>	8	3	1	7
<b>2014</b>	6	6	4	3
<b>2015</b>	9	5	4	2

## Organisering og innhold

Organiseringa av dei ulike opplegga nemnd ovanfor har vore tilsvarande som dei føregåande åra (sjå årsmelding 2014), og me synst dette har fungert godt. Samtalegruppene i BIBELSPRELL har i tillegg fått sine eigne dyrenamn i løpet av året.

Stikkord for sundagsskulesamlingane har vore: Andakt, drama, song, bønn, samtalegrupper, formingsaktivitetar, sport og idrett, spel, Lego, leik og andre aktivitetar.

Me har òg enkelte gonger tatt opp kollekt på sundagsskulen til misjonsarbeidet som Claudia og Morten Lende Olsen er med på i Mongolia.

Me har heller ikkje dette året hatt abonnement på opplegget Sprell Levande frå Sundagsskolen Norge eller sundagsskulebladet BARNAS. Me lagar ein del av opplegget sjølv,

og har mykje opplegg liggjande frå tidligare år. Med mange unge frivillige leiarar har me erfart at det er lettare å engasjera dei når dei får vera med å laga opplegget sjølv. Papegøyen har dessutan vore flittig brukt, og nokre gonger TV Tro eller anna drama.

Hausten 2015 justerte med lista med fire songar som me ønskjer skal brukast på gudstenestene i den tida ungane er inne: 1) Jeg vil gå, ut og gå. 2) Hjertepalass. 3) Det står så mye fint i bibelen og 4) Superhelt.

### **AlfaKrøll**

I AlfaKrøll har det vore fokus på bønn, bibel, samtale og aktivitet. Anne Gunn Vassbø og Stina Pettersen har hatt hovudansvaret her. Det har vore rundt 10 ungar i denne aldersgruppa kvar gong.

### **Registrering**

Registrering med oppmøtekort og nøkkelband har vore organisert som tidligare (sjå årsmelding 2014), og har fungert godt. Dei som er med er nå inndelt i reine jente- og gutegrupper, og det trivest dei med.

### **Leiartrening**

I tillegg til å tena ungane i sundagsskulen, driv sundagsskulen viktig leiartrening! Derfor satsar me fortsatt på å ha med mange unge leiarar frå og med åttande klasse. I 2015 har det gjennom året vore med ca 15 ungdomsleiarar, i tillegg til mange 7.-klassingar til registreringa.

Gjennom året har det i tillegg til planleggingssamlingar - vore fleire aktivitetar og tiltak for leiarane:

- 13.-14. mars gjennomførte me SLUSH-kurs på Lye forsamlingshus med 16 deltagarar i alderen 5.- 9. klasse. Helga Fykse frå sundagsskulekretsen var med og hadde undervisninga. Det var eit flott kurs som gir mange gode sundagsskuleleiarar for framtida!
- 23. august reiste me på teambuilding til Ravnafloke leikeland i Haugesund med tre vaksne og 12 ungdommar. Dette var både ein samanspleisande og kjekk start på eit nytt semester.
- 11.-13. september var det styre-weekend for alle ungdomsstyrene på Stavtjørn Fjellståve, der fleire av ungdomsleiarane frå sundagsskulen var med på helga. Programmet bestod av teambuilding, møter med lovsong og taler, ord for dagen og mykje kveldskos og underhaldning.
- 17.-18. september reiste to vaksne og fem ungdommar på inspirasjonskurset input:output med Jarle Waldemar med fleire. Dette var eit flott kurs.
- 18. desember hadde me juleavslutning for ungdomsleiarane med peparkakehusbyggings-konkurranse og leiker heime hos Sigurd Idland. Ein veldig koselig og saman-spleisande kveld, der ni av ungdomsleiarane deltok!

## **Andre aktivitetar**

- Palmesundag (29. mars) var fleire av ungdomsleiarane med på å framføre eit mini-påskespel på gudstenesta.
- 26. april hadde me årsmøte i etterkant av ei gudsteneste. Det var nesten fullt til trengsel på ungdomsloftet – både små og store med slips (!), og det blei ein fin samtale og evaluering av sundagsskulen.
- 30. august var sundagsskuleleiarane med og gjennomførte eit vellukka Misjonstivoli.

## **Leiarar**

- Desse sat i styret etter årsmøtet i 2015: Sigurd Idland (leiar), Anne Gunn Dovland Vassbø, Liv Heidrun Heskestad, Jorunn Pettersen, Janne Birgitte Ueland (ny), Kristoffer Vassbø (ny). Styret hadde fire styremøter i 2015, og behandla 33 saker.
- Andre vaksenleiarar som har vore med (utanom styret): Miriam Lende Risa, Margaret Harestad, Esperanza Idland og Sigbjørn Vassbø.
- I tillegg var desse med som leiarar i samtalegrupper under BIBELSPRELL-sundagsskule: Hildegunn Undheim, Solveig Heggheim, Kristine Grødem, Margunn Salmelid, Liv Heidrun Heskestad, Stina Pettersen, Marianne Hauge, Miriam Risa Lende, Kari Stokka, Anna Bergitte Skårlund og Jorunn Ueland.
- Ungdomsleiarar har vore: Solveig Pettersen, Stina Pettersen, Simon Pettersen, Ida Terese Ueland, Janne Birgitte Ueland, Renate Salmelid, Joakim Salmelid, Andreas Harestad, Tobias Vassbø, Kristoffer Vassbø, Diana Čekišova, Amalie Stokka, Gina Sørli og Synnøve Skårlund. I tillegg var Sverre Frantzen, Kristoffer Harestad og Geir Atle Apeland med fram til våren 2015 – mange takk for dykkar innsats!
- Desse 7.-klassingane har vore med ved registreringsbordet frå hausten 2015: Lotte Sørli, Renate Undheim, Maria Slettebø, Åsne Skårlund, Erlend Stokka, Stian Pettersen og Sondre Harestad. Rigging og rydding av registreringsbordet har Kristoffer og Tobias Vassbø tatt seg av.

## **Takk!**

Me ønskjer å takka alle desse som på ulikt vis har vore med og gjort ein innsats i sundagsskulen! Takk til alle dei unike og flotte leiarane for fantastisk innsats gjennom heile året eller deler av året. Mange takk òg til revisor Elisabeth S. Obrestad. Og takk til Gud som ga oss denne tenesta!

*14/1-2016, Sigurd Idland  
for Lye Sundagsskule*

## Årsmelding for Lykkelen 2015

Lykkelen held til i lokala til Lyefjell forsamlingshus. Det er eit tilbod til barn og foreldre som går heime på dagtid og ønskjer ein sosial treffplass. Tilboden blir drevet på frivillig basis av foreldra sjølv ved at me rullerer på å ha ansvar for opning/lukking, rydding/vasking og evnt. opplegg. I tillegg til dette er det eit frivillig styre på 3 stk. som har det overordna ansvaret for drifta av Lykkelen.

Lykkelen har endra opningstida litt i 2015. Årsaka til dette er i hovudsak det at me manglar folk som er villige til å vere med på å ha team ansvar. Fram til sommarferien 2015 hadde me opent så og sei kvar onsdag, og var fire team som delte på ansvaret med opning/lukking, rydding og vasking. Etter sommarferien var me derimot ikkje meir enn to team, og me reduserte då tilboden ned til å bare ha opent annakvar veke.

Fram til sommaren 2015 var opningstida på Lykkelen frå kl.09.30 til kl.13.00. Men me observerte stadig oftare at det store fleirtalet av folk begynte å trekke heimover i 12-tida. Dette skyldtes nok noko så enkelt som at fleirtalet av brukarane er foreldre med små born som kviler, og dei ønska å kome seg heim slik at ungen kunne kvila heime. Derfor reduserte me opningstida til 12.30 då me starta opp igjen etter sommaren.

I 2015 har me hatt opent 27 onsdagar, og det har vore 44 ulike barn og 33 ulike voksne innom på dette året.

Opplegget på Lykkelen er relativt likt frå gong til gong. Det er alltid ei songsamling. Etter samlinga et me medbrakt nistepakke ilag. Då samlast me rundt eit langbord inne i den store salen på forsamlingshuset. Gleda er stor kvar gong me opplever at me må lage bordet lengre for å få plass til alle. Våren 2015 hadde Per Olav Egeland, organist i Time, musikk samlingar med oss anna kvar veke. Etter sommaren overtok Ragnhild Hansen den rolla ettersom ho da hadde begynt som trusopplærar i Time Sokn. Me har og hatt besøk av kateketen i Time.

Me må også få nemne at me har eit veldig godt samarbeid med forsamlingshuset som låner oss lokala sine og Sporvungane barnehage som gjev oss lov til å bruke deira uteområdet.

Me tar 10 kr i betaling kvar gang, 30-20 kr dersom det blir servert mat.

Første halvdel av 2015 hadde me bursdagssamling ca. ein gong kvar månad for dei barna som hadde bursdag den månaden. Dette blei feira med eiga bursdagsamling, samt felles varm mat. Fastelavn, påske, 17.mai og liknande blei også ofte markert med ein ekstra aktivitet, ei lita festsamling med ekstra kjekt program eller ekstra god mat. Ettersom året gjekk såg ein meir og meir at alt dette som skulle vere ekstra kjekt ofte laga det ekstra travelt for dei som hadde teamansvar den dagen, og alderen på barna som brukte Lykkelen var ofte så låg at dei ikkje hadde noko utbytte av alt dette ekstra programmet. Derfor har innhaldet på Lykkelen blitt meir og meir redusert til å bare vere songsamling og god leik på

golvet. Det er dette dei små borna har størst glede av, og det er det opplegget det er lettast å få folk med på å drive.

Me er hjertelig takknemlige for den økonomiske støtta som me har fått av Lyefjell forsamlingshus. Utgiftene Lykkeliten har er i hovudsak knyta opp til innkjøp av nye leiker etter kvart som ting blir slitt/øydelagt, samt litt enkelt hobbymaterial av og til, utstyr til samlingane og litt ekstra matkos ein gong i blant.

Me ser at det er eit stort behov for å drive Lykkeliten, det er ein arena for folk til å treffe andre, anten ein er nyinnflytta eller har budd her i alle år. Nye vennskap veks til blant både barn og vaksne. Utfordringa vil nok alltid vere å få folk nok til å vere med å drive arbeidet, men me tek eit halvt år om gongen og gler oss like mykje kvar gong me kan fortelle at det blir Lykkeliten neste semester og!

*For Lykkeliten*

*-Marianne Hauge-*

---

## Årsmelding for Agape

Agape er eit barnekor for barn frå 4. -7. trinn på Lye forsamlingshus. I 2015 øvde me annankvar måndag frå kl 18 – 19. På hausten flytta me øvingsdag til annankvar tysdag frå 18 - 19. Me øver inn sanger og repertoar med tydeleg kristen bodskap for framføring i gudstenester på Lye forsamlingshus og andre stader ved førespurnad. Kari E. Stokka slutta som leiar til sommaren og Berit Yri blei med som leiar frå hausten.

Medlemskontingent er 100 kr pr halvår. I 2015 hadde koret 7 betalande medlemmar.

På våren hadde me 8 øvingar og opptreden på gudsteneste på Lye forsamlingshus. På hausten hadde me 8 øvingar og opptreden på gudsteneste på Lye forsamlingshus og me deltok på julespelet "Jul på Lye" den 13. desember.

Dette er ein kjekk gjeng med store barn som likar å synge og spreia evangeliet om Jesus. Dei er motiverte og bevisste og inspirerer oss leiarar.

19/2-2016,  
*Magnhild Sørlie og Berit Yri*